Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Transport av høy

Oppskr. av: Oskar. Rennsøy

(adresse): Skjolden

Fylke: Sogn og Fjordane

Herad: Luster

Bygdelag: Fortun

Gard: Rennsøy

G.nr. 4 Br.nr. 7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Transport av høy er noko forskjelling etter gardens størelse heller um det er husmannsplassen. Det komer ann på um dei forar hest på bruket. Hvor ein so står eigedom at ein forar hest so er transporten mykje likt, på gardane her i bygdi.

Det vert ikkje brukt å slå mykje i utmarkene no. Det kan vere på mindre bruk og husmannsplassar dei nytter utmarka noko.

Men for ein 40 år sidan so slo dei på småe bruk og plassen meste parten av høyet i utmarka. Heimemarki hadde dei mest alt i åker, korn og poteter. For å vera sjølvbergne med mjøl og poteter so måtte dei gjera det solei. Det var ikkje råd å springa i butikken å kjøpa mjøl i dei dagar. I denne tid so dreiv dei stort krøterhald og levde solis av det dei fekk av beisti og jordi.

504

No er det lite um arbeidshjelp so folk fer knapt slå heimemarki si.

I gamle dagar for ein 40-50 år sidan var det godt um arbeidshjelp.

Ein kan seia at det er ca. ein 20 år sidan det vart mykje slutt med utmarka-slåtten her i bygdi.

På ymse gardar, då helst småe bruk so kann det vere at dei hev brukt å slege noko i utmarka til denne tid, men no er det godt som slutt.

At folk hev slutta å slå i utmarka kjem av at hagebruket hev havt veldig framgang her hjå oss.

2. Transporten av höyet i utmarka var for det meste bering til utlöa stakk heller hesjen. Dei brukte ogso sloe (ein topp av ei ungbjørk) som dei lagde graset heller ~~ungbjørk~~ höyet på. Dei byrja å leggja framantil på sloen. På sloe drog dei ein par börar etter som lende var. Um vinteren so drog dei gjerne hestlasset, når det var bratt lende og godt uppdregen veg.

Dei kallar det hjå oss å draga på sloe.

Ein sloe vert helst nytta um vinteren å draga höyet til veg, og so köyrer ein det sidan.

Utlöene og stakkar i



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

~~At~~ marki er ikkje altid råd å köyra til.

~~Tau~~ Det vanlege bygdespråket for tau hjå oss er tåg. (Böratåg.

I eit böratåg hjå oss hev me ei trehelda.

Trehelda er laga, helst av eine (sprake) Den ser slek ût.



Helda



Tåg med helda i.

Dei gamle då dei bar höy, so bar dei tåget helst over hovudet. Ein held for det mest tåge over skuldren. Er det tung byrd so brûka ein ofte å få hjelp å reisa seg ûpp. Hjelperen står bak og lyter ein ûpp.

I gamle dagar so brûkte dei ogso snorsekk for å velte höyet ned over bratte fjellskrenter.

Bygdespråket hjå oss ~~so~~ på det er Radda.

Ei radda var laga som ei not heller som eit fiskegarn. Dei lagde höyet i radda og velte nedover bakkane. Dette var brûkt hjå oss for ein 70 år sidan, so dette er gamalt og snart glöymt. Ei radda var oftast av bjårkeris.

Löypestreng er ikkje so gamalt. Det brûker ogso no på mange plassar.

504

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4/2 Kipen brukes ikkje her hjå oss til å bere høy heller gras i.
Heller ikkje trillebår vert brukt til å frakte høy på.
Eg trur ikkje desse reidskap hev vore nytta her til transport av høy. Dei som ikkje hev hest so dreg dei høyet på ei lite vogn med 2 hjuler, laga som ein hjulslede, heller so ber dei i tåg.

Dei som hev hest nyttar høyvogn med grindar rundt.
Ei høyvogn hev 4 hjuler. Dei hev og so grindar på hjulslede som hev 2 hjuler.

Høyet frå utmarki kjørte ein altid heim um vinteren.
Ein kjørte då på slede. I gamle dagar so lagde ein i børar og la på sleden. Ein høyrde då oftast 3 børar på ein 50-60 kg kvar.
Ein brukar då høytang å bind børane fast til sleden med.

Høytang.



Høytangen er av trevyrke og som ein legg langs etter uppå børane, og so spenner ein fast med tauget framme og bak.

4/2 På store og flatlendte gardar brukes i høyonna no hjå oss


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Firhjult vogn. På brattare og mindre bruk hev dei oftast vogn med 2 hjuler. Hjulslede kaller me vogn me 2 hjuler.
Firhjuling er vanlegt namn på vogna med 4 hjuler. Men det brukes ogso namnet høyvogn.
Eg hev sett på fjellgardar at dei brukar høyslede med meier framme og hjuller bak. Det vert brukt på bratlendte gardar, og i ulende.
På fjellgardar bruka dei ogso å køyra på treslede. Det er slede uten jernspenger under meiane.
Treslede vert mykje brukte ogso no for tiden i bratte ulendte gardar.
Ein brukte same redskap til høykøyring høybering som til kornkøyring, heller bering, og brukes soleis ogso no.
Ein bruker no til vanleg arbeidsvogn med grindar å køyra høy.
Tauet som binder lasset kallast Gyrdataug.
Noko bestemt forhold millom vinterlass og sumarlass veit eg ikkje um, Noko slike ting hev eg aldrig høyrt um.
Det bruktes ein hest for høysleden.
5. Felles-slått av høy hev eg ikkje høyrt um.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6

Um vinteren köyrer ein heim höyet frå utslåtter og stölslåtter.
Det er mange her i bygdi som hev stöls-slåttar no og.
Um vinteren då dei skulde bröyta veg til desse plassane so var dei i samen alle böndene med kver sin hest ein dag og köyrde uppe veg. Ja det var då dei som hadde höy på desse slåttane.
Og det kunde vera mange som sine slåtter teigar, som låg inn til kverandre.

6. Dei som driv med utslåttar og stöls-slåttar driv med bröyting og köyring mest på same måten no som fyrr.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
504

J. Vyrdsund.

Oskar. Dumvig

Fortum pr. Skjolden

Sogn